

Saksprotokoll

Formannskapet og
næringsutvalet

10.06.2020

Sak: 67/20

Tittel: Saksprotokoll - Søknad om tilskot til hjortegjerde for gbnr. 3/3 Jan
Norvald Steig
Arkivsak: 20/1741

Behandling:

Per Steinar Sviggum fekk permisjon og deltok ikkje i handsaming av saka. Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

I medhald av det kommunale viltfondet § 5a, får Jan Norvald Steig utbetalt tilskot tilsvarende 75 % av godkjent materialkostnad. Maksimalt utbetaling er inntil 75 kr pr. m gjerde, portar inkludert. Tilskotet blir utbetalt i etterkant på grunnlag av framlagd dokumentasjon og sluttsynfaring. Den samla prosjektramma er på 116 490 kr, og øvre ramme tilskot blir på kr 86 250.

Med tilskotet fylgjer desse vilkår for hjortegjerdet:

- Gjerde skal ha ei høgd på minimum 1,90 m. Dersom det vert nytta to høgder med husdyrnetting må desse festast saman til dømes ved hjelp av streng
- Det er krav om topp og undertråd. All streng, tråd og kramper skal vera galvaniserte
- Stolpe av tre skal vera trykkimpregnerte og minimum 8 cm i dimensjon
- Stolpeavstanden skal ikkje vera vesentleg meir enn to meter, med mindre ein brukar kraftige typar viltnetting som tåler hardt strekk utan å verta deformert. Ved bruk av slik viltnetting kan ein ha ein stolpeavstand på 3-6 meter under føresetnad at hjørne, knekkpunkt og portstolpar vert dimensjonerte for å tåla større påkjenningar.